

EVALUERING AV OPPLEVINGSKVALITET I UTVALDE DALFØRE PÅ FOLGEFONNHALVØYA

Anne Elgersma



EVALUERING AV OPPLEVINGSKVALITET I UTVALDE DALFØRE PÅ FOLGEFONNHALVØYA

ANNE ELGERSMA

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås
NIJOS rapport 7/ 2000

Alle bilete: Anne Elgersma

Tittel:	Evaluering av opplevingskvalitet i utvalde dalføre på Folgefonnhalvøya		NIJOS nummer: Rapp 7/ 2000
Forfatter:	Anne Elgersma		ISBN nummer: 82-7464-254-6
Oppdragsgiver:	Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga		Dato: 07/ 02/ 2000
Fagområde:	Landskap		Sidetal: 57
Utdrag: I samband med eit forslag om å oppretta landskapsvernområde på Folgefonnhalvøya er det gjennomført ei kartlegging av opplevingskvalitet i utvalde dalføre i dette området. Evalueringa har gått føre seg på det mest detaljerte nivået i Nijos sitt Referansesystem for landskap, landskapsområdet. Landskapsområdet er ei visuell utteke eining i landskapet. Vurdering av opplevingskvalitet i desse landskapsområda vert vurdert og vekta i landskapsregional perspektiv. Til dette føremålet vart det og innanfor dette prosjektet framstilt landskapsunderregionale og regionale vurderingar av opplevingskvalitet. (Nijos rapport 8/2000). Kartlegginga syner at det på Folgefonnhalvøya det fleire stader finnst særprega landskap med høg opplevingskvalitet.			
Abstract:			
Andre NIJOS publikasjonar frå prosjektet: Nijos rapport 8/ 2000			
Emneord: Landskapsskildringar	Keywords:	Ansvarleg underskrift:	Pris kr.: Kr. 360,- (fargetrykk)
Utgiver: Norsk institutt for jord- og skogkartlegging Postboks 115, 1430 Ås Tlf.: 64949700 Faks: 64949786 e-mail: nijos@nijos.no			

Innhald

SAMANDRAG.....	1
DEL 1.....	2
1. INNLEIING.....	3
1.1 Lokalisering.....	3
1.2 Evaluering av opplevingskvalitet i dei kartlagde dalføra.....	4
2. REGIONALISERING AV LANDSKAP.....	5
2.1 Nasjonal og regional inndeling.....	5
2.2 Landskapskomponentar.....	6
3. EVALUERING AV LANDSKAP.....	9
3.1 Metode.....	9
3.2 Evalueringskriterier.....	9
3.3 Avleia eigenskapar.....	10
3.4 Evaluering av mangfald.....	11
3.5 Oppnå inntrykkstyrke.....	12
3.6 Vurdering av heilskapen.....	13
3.7 Landskapsklassifisering.....	14
DEL 2.....	15
4. LANDSKAPSSKILDRINGAR.....	16
4.1 Buerdalen nedre.....	16
4.2 Buerdalen øvre.....	18
4.3 Mosdalen/ Sandvikedalen.....	21
4.4 Guddalsdalen.....	27
4.5 Muradalen.....	32
4.6 Melsdalen.....	37
4.7 Ænesdalen.....	40
4.8 Furebergdalen.....	46
4.9 Bondhusdalen.....	48
5. GRENSER I LANDSKAPET.....	51
5.1 Buerdalen.....	51
5.2 Mosnesdalen/ Sandvikedalen.....	52
5.3 Guddalsdalen.....	52
5.4 Muradalen.....	53
5.5 Melsdalen.....	54
5.6 Ænesdalen.....	54
5.7 Furebergdalen.....	55
5.8 Bondhusdalen.....	56
LITTERATUR.....	57

FORORD

Ved NIJOS har ein det siste tiåret arbeidd fram eit omfattande informasjonssystem med opplysningar om landskapet i Norge. Systemet " *Referansesystem for landskap*" er ei inndeling av landskap, bygd opp som eit hierarki med fleire nivå. I referansesystemet ligg skildringar av landskapet og evaluering av landskapskvalitet på nasjonalt og regionalt nivå. Etterkvart vert det og opparbeidd mykje informasjon om landskap og landskapskvalitet lokalt i kommunane. Ei av oppgåvene, og ei utfordring, er å sjå korleis lokallandskapets eigenskapar er forankra (refererbare) i dei større overliggjande nivåa. Systematisk gjennomført vil dette gje større perspektiv til ei utgreiing om landskapskvalitet.

Fylkesmannen i Hordaland ved miljøvernavdelinga, ønskjer å få evaluert landskapsverdiar i utvalde dalføre kringom Folgefonnhalvøya. Evalueringa har gått føre seg på det mest detaljerte nivået i referansesystemet, *landskapsområdet*. I desse landskapsområda vert opplevingsverdiane av landskapskomponentane skildra og verdsett, men skal slik verdsetjing ha nokon verdi utover eigenverdien lyt ein referera til større einingar i hierarkiet. Dei andre nivåa oppover i hierarkiet er landskapsunderregion og landskapsregion og desse nivåa dekkjer suksessivt større landareal i fylket, og over fylkesgrensene saman med dei andre vestlandsfylka. På denne måten kan ein få fram om kvalitetar i lokallandskapet kan ha regionale eller nasjonale verdiar. Synfaringa vart gjennomført i august 1999.

SAMANDRAG


Kartlegging av landskapskvalitet og evaluering av opplevingsverdien av landskapet i utvalde dalføre innanfor den planlagde Folgefonni nasjonalpark, syner typisk regionale opplevingsverdiar for nokre av dalføra, og opplevingsverdiar over det regionalt representative for dei andre dalføre som vart kartlagde. Dalar med landskapskvalitet i klasse A, den høgste oppnåelege evalueringsklasse eit landskap kan få, er; Mosdalen/ Sandvikedalen i Åkra, Guddalsdalen og Ænesdalen i Kvinnherad. I tillegg er det eit lite delområde i Muradalen som har fått den høgste evalueringsklasse. I desse dalføra er det serleg vassdraga som har eineståande kvalitetar. I Mosdalen/ Sandvikedalen renn vassdraget óg gjenom ein serprega og dramatisk tronge dal. Guddalsdalen har med sin næringsrike og kalkholdige berggrunn stor frodighet med vekslende mosaikker i skogbiletet og lausmasseavsetningar med framtrudande, for nokre og serprega morfologi. I Ænesdalen vert det danna nye landformer i dramatisk skala og intensitet, namnet Steinlauparinden seier mykje om kva som foregår her. Øvre delen av dalføret har vakker utforming.

Dalar med landskapskvalitet i klasse B, dvs. landskap med typiske regionale kvalitetar er; Buerdalen, Muradalen, Melsdalen, Furebergdalen og Bondhusdalen. På Vestlandet der ein har ein generell høg opplevingsintensivitet i landskapet med verknadsfull kontrastering mellom bl.a. småskala kulturelementar og den storslagne naturen er det soleis likevel gode landskapskvaliteter å finna i slike dalføre. Bondhusdalen har kompleks struktur og stort mangfald av landskapselement. Terrasselandskapet i bygdi dannar fine kontrastar til det naturprega dallandskapet ovanfor. Bondhusvatnet med sin, på rolege dagar storslagen speglverknad som styrkjer synsinntrykka, har mykje dramatik i seg og er ei stor oppleving. Diverre manglar elvi mykje vatn under bresnuten og vidare nedover dalføret og opplevingsverdi vert i klasse B. Det er ei avgjerd som var vanskeleg.

I Muradalen vert landskapskvaliteten nedsett av dårleg skjøtsel av kulturlandskapet og fleire små inngrep. I Furebergdalen preg hogst med store snauflater nedre delen av dalføret. Ovanfor er ikkje dalen mangfaldig nok til å oppnå same evalueringa som Ænesdalen jamvel om her er stor skala. Hogst og lite skjønnsamt utført skogvegbyggjing set og ned landskapskvalitet i nedre del av Ænesdalen som no ligg i klasse A. Fortset aktiviteten på same måte vidare framover i dalføret vil dette utvilsamt truga denne vurderinga. Melsdalen vert prega av omfattande og einsarta granplanting i nedre dalløpet, her vert og beita lite frå stølen og framover dalen. Rundt vatnet er det vent, men landformen ikkje dramatisk nok til å verta inntrykksterk. Noko som etterkvart vert meir og meir synleg i landskapet er fylgjene av redusert eller ikkje noko beiting i det heile. Dette fører med seg at skogen tek over og ljosome gras- og urterik mark vert borte i landskapet. På kort sikt og ei forseimring av næringstilstanden med forsuring av jorda der mangelen av kvelstoff i jordsmonnet fører til etablering av oreskogar og med det eit over noko tid avtakande botanisk mangfald. Denne prosessen er bl.a sterkt synleg i Buerdalen.

Fjellområda i tilknytning Folgefonni har ikkje systematisk vorte kartlagde, og er berre delvis synfare med to dagsturar. Serleg på vestsida finn ein eit kraftig utvikla botnlandskap med lite lausmassar, mykje bergflater og impediment. Fråveret av lausmassar gjeld med nokre unntak samtlege fjellområda kringom breen. Bergmorfologien dannar difor og dei mest framtrudande strukturane i landskapet. Kvitfossande elvestrekningar førekjem i tilknytninga til Bretungene, og saman med dei mange vatna kan områda seiast å vera vassrike. Årvisse fenner er det ein god del av. Det er golde landskap desse fjellandskapa her og genetisk nokså jomfrueleg, noko som passar godt saman med isbreen i bakgrunnen som skrapa og gjorde reint bord.


DEL 1



1. Ikkje berre i Noreg, men og innanfor europeisk ramme er dette eineståande vassdragsnatur.

1. INNLEIING

1.1 Lokalisering



2. Kart over Hordaland fylke. Området for utgreiing av konsekvensar i samband med opprettinga av Folgefonna nasjonalpark i lilla. Dei kartlagde dalføra er nummererte.

Odda kommune

1. Buerdalen

Etne kommune

2. Mosdalen/ Sandvikedalen

Kvinnherad kommune

3. Guddalsdalen 4. Muradalen 5. Melsdalen 6. Ænesdalen 7. Furebergdalen

8. Bondhusdalen.

1.2 Evaluering av opplevingskvalitet i dei kartlagde dalføra

Figur 3 syner klassifiseringa av opplevingskvalitet i dei kartlagde dalføra innanfor konsekvensutgreiingsområdet. Sandvikedalen, Guddalsdalen og Ænesdalen har fått evaluert opplevingskvalitet til klasse A, som er landskap med høg regional kvalitet. Det er serleg vassdragsnaturen i desse dalføra som har eineståande kvalitetar¹, her er og stor grad av serpreg over landformene. Ei overvekt av dei samla evalueringane ligg i klasse B som er landskap med typisk regional kvalitet, m.a.o. ein opplevingskvalitet som ein finn mange andre stader i regionen. I klassen hamna og begge breadalane, Bondhusdalen og Buerdalen og dette kan synest noko lågt vurdert. No er det slik at ein nettopp av denne typen landskap har noko av det aller finaste og mest inntrykksterke landskap Vestlandet kan by på. Slikt sett er den mykje reduserte vassføringa i breelva i Bondhusdalen, og det forfalne jordbrukslandskap i Buerdalen å sjå på som sterkt nedsetjande i eit elles kvalitativt høgt vurdert landskap. Breane i desse dalføra er og noko mindre inntrykksterke enn det som er vanleg for typen. Dette er skilnaden mellom det beste og det nest beste landskap som i desse tilfelle framleis er vakre landskap.

Muradalen har fått evaluering i klasse B2. I denne klassen er det mange dalføre på Vestlandet som har noko nedsett opplevingsverdi fordi her er ein del mindre og uheldige inngrep i landskapet samt svak skjøtsel av kulturlandskapet. Sett under eitt har ein innanfor området for konsekvensutgreiing likevel høgare landskapskvalitet enn det som er normalt for regionen.

VERDIKLASSE

DALFØRE	A1	A2	B1	B2	C
BUERDALEN 1			x		
BUERDALEN 2			x		
SANDVIKEDALEN	x				
GUDDALSDALEN		x			
MURADALEN				x	
RINGERIKSFOSSEN ²	x				
MELSDALEN			x		
ÆNESDALEN		x			
FUREBERGDALEN			x		
BONDHUSDALEN			x		

3. Evaluering av opplevingskvalitet


¹ Dei fleste andre stader er og vassdraga regulerte.

² Eit lite delområde i landskapet i Muradalen

2. REGIONALISERING AV LANDSKAP

2.1 Nasjonal og regional inndeling


NIJOS sin metode for landskapskartlegging er ei *romleg inndeling* av landskapet i tre nivå. Dei ulike einingane er ordna i ein hierarkisk struktur. Nasjonalt, det øvste nivået i hierarkiet, føreligg ei inndeling i 45 landskapsregionar. Dette er store einingar skild ut på grunnlag av typiske hovudlandformer (Elgersma 1996, 1998). Den regionale inndelinga dannar ei referanseramme for dei andre nivåa i hierarkiet, landskapsunderregionen og landskapsområdet. Landskapsunderregionen femner delar av ein region. Den har regionen sine hovudtrekk, men skil seg ut på grunn av lokalt serpreg. Det tredje nivået er landskapsområdet og er den minste eininga i kartleggingssystemet, som regel berre nokre få km² stor.



4. Utsnitt frå Landskapsregionar i Norge (Elgersma 1998) som syner inndelinga i landskapsregionar og landskapsunderregionar.

2.2 Landskapskomponentar


I dette dokumentet vert det skildra tilsaman 9 landskapsområde på Folgefonnhalvøya. Landskapet vert delt inn i 6 ulike landskapskomponentar der kvar komponent vert evaluert. Desse landskapskomponentane er:



Landskapets hovudform.




V-forma dal



Geologisk innreiing




Urd



Vegetasjon




Almeskog



Vatn og vassdrag




Fossar



Jordbruksmark



Innmark



Busetnad



Byggjestil

5. Landskapskomponentar

I landskapsområda i dette dokumentet har komponentane jordbruksmark og serleg busetnad noko redusert veking på valuinga då det ikkje er so mykje av det. Skildringane inneheld vidare einskilde vurderingar om landskapskomponentane/ landskapet si regionale evt. nasjonale betydning for å få fram om dette er typiske, dvs. vanleg forekomande eller meir uvanlege/ sjeldne verdiar.

3. EVALUERING AV LANDSKAP

3.1 Metode

Landskapsområdet er den minste kartleggjingseininga i Referansesystemet for landskap. Eit landskapsområde er ei visuell romleg eining i landskapet, avgrensa etter markerte høgdedrag øvst i synsfeltet. Det er eit vanlegvis berre nokre få km stort område, men dette varierar etter landskapets skala. Grensedraginga skjer utfrå standpunkt i nedre del av landskapsrommet. Det er om å gjera at landskapsområdet er stort nok til å verta prega av ein spesifikk formtype uttrykt gjennom ein komposisjon. I skala og i romleg samanheng underordna visuelle hindringar vert å sjå på som mellomskiljere i dette rommet og ikkje vesentleg for grensedraginga. Tiltrådd kartgrunnlag for å ta ut, og avgrensa einingane er målestokk 1:50 000 og M711 kartserien (Elgersma 1998).

I landskapsområdet vert 6 landskapskomponentar skildra, og dei visuelle kvalitetane evaluert. No er det i mange land utvikla ulike metoder for å kunne evaluere visuelle kvalitetar i små einingar i landskapet (Litton 1968, USDA forest service 1979, Grinde & Kjøpf 1986). Evalueringa er på den måten den vert brukt her, ei forklaring og verdsetjing av opplevingsverdien av landskapet. Til det kan ein nytta ulike metodiske innfalsvinklar. Ei gjennomgang av dei ulike metodane syner at sluttevalueringa ikkje avvik stort, sjølv om den metodiske tilnærminga ikkje er heilt den same. Ein kan difor like godt ta ein av metodane, er denne i tillegg lett utførbar i felt er det ein fordel. Frå US forest service har NIJOS overteke og vidareutvikla VMS metoden (Visual Management System), no kalla NIJOS metoden etter ein del ombyggingar og tilpasningar. VMS metoden vart i utgangspunktet nytta til evaluering av landskapsunderregionar, ei relativt stor eining i landskapet, men kan og brukast i mindre einingar. I NIJOS metoden vert den romlege dimensjonen og avgrensinga ved inndelinga sterkare vektlagt (Elgersma 1994) enn i andre metodar. Dette på grunn av dei markerte, oftast tronge landformene ein finn i store delar av vårt land.

Inntrykka som vert evaluert har ein fattbar fysisk storleik i landskapet. Storleiken av landskapsområdet gjer det naudsynt med ein vandring kringom for å nå alle element, og sjå dei i ulike komposisjonar. Ein observerar frå stader nede landskapsrommets lågdal, og soleis vert det høgstliggjande og bortaste landskapet perspektivisk forvridd. Dette kan og undertrykkje (inn)verknaden av einskilde landformer pga manglande fjernvernad og djupne i flate landskap. Evalueringemetoden er soleis i utgangspunkt best eigna i landskap med ein viss topografi der romstrukturen kjem tydeleg fram. I flate landskap kan det kompenseras for dette ved å ta ut landskapsområde med mindre storleik.

3.2 Evalueringskriteriar

I VMS metoden vert det evaluert på *mangfald*, *inntrykksstyrke* og *heilskap* av landskapet. Det kan vera godt å resonnerer gjennom nokre av stikkorda i metoden. I tillegg vil ein drøfta kva komposisjonen har å seia for evaluering av landskap.

MANGFALD (diversitet).

Ein prosess med å diversifere, som er å skilje ut ulike former. M.a.o. ein systematisering av multiformitet. Her inngår og linjer og fargar.

INNTRYKKSSTYRKE

Inntrykksstyrken vert oppnådd gjennom dramatik og kontrastar.

Kontrast:

Kva er kontrastering? Det er ei samanlikning for å få fram ulikskap eller skilnader, å leggje merke til den motsette natur av objekter. Me kan ta ein definisjon frå målararkunsten.

Opposition or juxtaposition of different forms, lines or colours in a work of art to intensify each elements properties and produce a more dynamic expressiveness³.

Dramatikk:

Kva er drama? Drama er ein komposisjon som byggjer på "contrast of character". Frå scene-kunsten kan ein henta denne, det er trass alt snakk om *opplevingar*.

Drama: Ein serie med hendingar som gjev intense, emosjonelle sinnsstemningar eller opplevingar.

HEILSKAP

Her er harmoni eit sentralt omgrep. Harmoni er eit samstemt, velordna eller tiltalande arrangement av t.d. former, linjer og fargar. Harmoni byggjer på komposisjonen i landskapet, og nokre komposisjonar er meir tiltalande enn andre. Frå målararkunsten kan ein t.d. syne til oppdaginga av det gyldne snitt, ei hårfin balanse i eit bilete mellom linjer, form og flate og fordelinga av desse innanfor ei råde. Det er vidare viktug med rett ljøsverknad og avbalansert tekstur.

3.3 Avleia eigenskaper gjennom metodisk bruk av opplevingskriteriane

MANGFALD

Landskap med høgt mangfald (stor formriksdom) vil ha høgare potensiell opplevingsverdi enn tilsvarande landskap med lågt mangfald. No er det likevel ikkje *altid* slik at høgt mangfald automatisk gjev høgare evaluering. Sume landskap har enkel komposisjon med liten formriksdom, men so stor dramatikk og sterke kontrastar at dei likevel får høg opplevingsverdi.

INNTRYKKSTYRKE

Dramatikk og kontrastar påverkar inntrykka av eit landskap. Opplevinga vert potensielt sterkare og meir varig når dramatikken og kontrastane i landskapet aukar.


HEILSKAP

Landskap der dei ulike elementa står i eit avbalansert forhold til kvarandre, noko som skapar harmoni. Strukturane er ikkje brotne av inngrep eller manglande kontinuitet. Nedsett heilskap får ein ved danning av nye strukturar som skiplar balansen i arrangementet ved at dei ikkje er avstemte i høve dei som er etablert frå før. Det gjeld og endringar i flate- og ljøsverknad og tekstur.

³ Piet Mondriaan

3.4 Evaluering av mangfald.

Fig. 6 syner ein modell for kartleggjing og evaluering av mangfaldet i landskapsområda, her t.d. det geologiske mangfaldet. Det er i "visual character types", i regionale evt. tverregionale landskapstypar samanlikninga går føre seg. T.d. Ænesdalen i Kvinnherad høyrer til i ei gruppe dalar som førekjem i fleire landskapsregionar og som har nokså lik utforming. Landskapstypane som samanlikninga går føre seg i er då i nær slekt med kvarandre, det er hovudsakleg kulturpåverknaden som skiljer mellom typane.



Ein finn då: Strukturar i landskapet som er vanleg for regionen, og som finnst i nesten alle landskapsområda. Det typiske landskapet, regionale trekk.

Ein finn og: Strukturar i landskapet som ikkje er vanleg for regionen, ein finn det berre i eitt eller få område i regionen. Eit regionalt atypisk landskap, særtrekk.

6. Skjematisk framstilling formmangfald

Samanlikninga av strukturane får og fram opplysningar om skalatilhøva i landskapet. Skala påverkar inntrykksstyrken. Skal samanlikninga ha regional verdi må kartleggjinga femna heile eller fleire landskapsregionar. Etter at dette er vorte gjort kan ein utforme regionale malar for dei ulike eigenskapane⁴.

⁴ Sjå skildringer av underregionar i Hardanger og delar av Sunnhordland

Ei inventarisering av strukturar med føremål å danna eit regionalt bilete av landskapet kan gå føre seg på fleire nivå og ha ulik detaljeringsgrad.

Geologi Strukturtype	Namn	Busetnad Strukturtype	Namn
Hovudform	1. strandflate 2. fjell 3. fjord 4. vidde 5. dal		1. Fiskevær
Underform	1a. skjærgard		1a. øyvær ⁵
Formtype	1aa. strender		1aa. midtsundvær ⁶
Undertype/ danning	1aaa. sandstrand	bygning	1aaa. tradisjonell med pålekai og vindeskur på bygningane

7. Kartlegging og detaljeringsgrad av observasjonane

Figur 7 syner 4 nivå for innhenting av informasjon til framstilling av ein mal for regionalt mangfald. Stort sett er det informasjon på nivåa 1 og 1a som vert nytta i regionale skildringar. På underregionnivået prøver ein óg få fram opplysningar om formtyper 1aa, då det som oftast er dei som skil mellom underregionane. Einskilde gonger er ein undertype så dominerande i landskapet at han dannar en formtype, og på denne måten eit regionalt, underregionalt og lokalt trekk (t.d. alpine botnar i store delar av region 31 Lofoten og Vesterålen). Strukturane 1 og 1a dannar hovudlandformer, 1aa og 1aaa dannar serformer i landskapet. Samtlege nivåa vert nytta for å skildra landskapsomsområdet, dei øvste nivåa etterkvart meir generelle.

Mangfaldet av former og strukturar i lokallandskapet vert samanlikna med regionale trekk. På bakgrunn av dette kan ein avgjera om dette mangfaldet er typisk eller ikkje.

3.5 Oppnå inntryksstyrke

I avsnitt 3.2 vert det gjeve ei kort utgreiing for korleis ein kan oppnå inntryksstyrke i eit landskap. Kontrastverknad og dramatik er stikkorda. Ein forfølgjer her definisjonen frå kunsten der kontrastering er ein prosess der ein plasserar former, linjer og fargar i ein motstilling for å framheva deira uttrykk (våre inntrykk) i eit bilete (landskapet). Det motsette er å dempa eller svekka deira uttrykk.

Det er mange måter å oppnå dette på. Flateverknad og linjeføring gjev djupne og fokusering. Ljosverknad og fargar, objekta sine strukturar og korleis dei fungerer i saman, og teksturen gjev identitet. Kontrastering er ein persepsjon (intuitiv gjenkjenning av, og i denne samanhengen, estetiske kvalitetar) som alle menneske har. Kunsten består i å oppfatte, tolke, og kunne ordleggje kva denne persepsjonen består av. Som med alt anna gjer øving meistar,

⁵ Ein annan type er landvær

⁶ Rekkjer med busetnad på begge sider av eit sund. Andre typer kan ha husi spreidd kringom på øyer og holmer.

og ein dreven person vil på ein betre måte få fram verknader av kontrasteringa enn ein som ikkje er det. Kontrastane ligg fastlåst i landskapet, men uttrykket deira kan skifte med endra ljostilhøve og årstid. Kartleggjinga går føre seg sumarhalvåret, og allerhelst i vertilhøve med rimeleg godt ljøs. Flatt ljøs dempar kontrastane sterkt og vil kunne påverka persepsjonen. Det er om å gjera å opphalde seg i landskapet lengje nok til å få med seg endringar i ljøsretning då dette kan ha mykje å seia for kor godt ulike strukturar kjem fram

Eit drama er ei *serie* hendingar som gjev emosjonelle sinnstemningar. I dette ligg då ei bolck tid som skal til for at dramaet skal få kunne spela seg ferdig og påverka sinnstemninga. Feltsynfaringa treng difor vare lengje nok til at denne prosessen kan finna stad. Med å utvikla profesjonalisme kan ein korte ned på tida som skal til for å verta påverka.

Ovanstående syner at *skildringa* av inntrykksstyrken av landskapet er personavhengig. Ein dyktig person vil på ein betre måte kunne skildra den persepsjonelle innverknaden samanlikna med ein som ikkje i like stor grad har utvikla desse sansane. M.a.o. kan det gjerast ein god jobb eller mindre god jobb med å få fram kvifor eitt landskap har betre kvalitetar enn eit anna, *og at dette ikkje må forvekslast med ein påstand om landskapet har desse kvalitetane eller ikkje.*

3.6 Vurdering av heilskapen

Kva heilskap er, kjem an på kven du er, og er tydelegvis ikkje likt for alle. Ifølgje mange som har etterrøytkt kva vår tids syn på landskapet er, er det eit romantisk syn. Dette legg ei tydelig tidsavgrensing på det heile, og det kjem sikkert eit anna syn på det om nokre år. For øyeblikket har me ikkje anna enn å handla og dømme utifrå samtidssynet. Samtidssyn på landskap er gamalt jfr. dei gamle egypterane si forståing for det eineståande ved stader som Kongenes Dal, og Abu Simbel som låg ved dei fyrste fossane i Nilen i Nubia. Så vår tids metode er ikkje noko nytt, berre keisaren sine nye klede på ein måte. Egypterane var kjenslevare for det mytiske og sjelege eksistensielle, og valde ut stader i landskapet der det symboliserte ettermålet fortsatt kunne virke herskande. Det var soleis ei handling der dei (subjektivt?) skilde mellom sterke og svake komposisjonar i landskapet. I vår tid er me opptekne av kva som er vakkert eller ikkje, og i denne samanhengen er harmoni og inngrep to nøkkelord.

Kva som er harmonisk og tiltalende kan i høgste grad vera ei individuell oppfatning. I metoden konsentrerar ein seg då fyrst og fremst om kva som *påverkar* harmonien i eit landskap istadenfor kva som skapar harmonien. Inngrep er den store frammaninga, men eit inngrep er egentleg ikkje noko anna ein ei handling for å utføre eit tiltak. I ljøs av dette er det mange som ikkje er samde i kva eit inngrep er for noko då dei dømar utifrå funksjonen tiltaket har. På denne måten er det mangt som ikkje er definert som inngrep, for har du t.d. ikkje veg til heimen din, tykkjer du det er bra med å få veg -flott med veg, flott veg. Det er nesten so ein kan gå rundt og beundre den nye vegen.

I metoden er dette ikkje slik; sår i terrenget, fyllingar, kraftlinjer, brot i byggjestil, forfall i bygningsmassen, somme granplantefelt og dårleg skjøtsel i kulturlandskapet vert sett på som ein uheldig påverkad på heilskapen i landskapet.

3.7 Landskapsklassifisering

Landskapets opplevingsverdi vert inndelt i 3 klassar; A, B, og C. Klassane A og B er todelte, dvs. A1 og A2 der A1 har høgst verdi, og B1 og B2 der B1 har høgst verdi. Typisk landskap vert plassert i Klasse B.

Inntrykkssterkt landskap med stort mangfald og god heilskap vert plassert i A-klassen. Inntrykksvakt landskap, og landskap der inngrep sett ned heilskapen i landskapet vert plassert i klasse C.

Klasse A Landskapsområde der dei samla komponentane har kvalitetar som gjer landskapet eineståande og serskilt opplevingsrikt. Eit slikt landskap er då heilskapleg med stort mangfald og høg inntrykksstyrke. Homogent og heilskapleg landskap med usedvanleg høg inntrykksstyrke høyrer og til her.

Klasse A1 vert skildra som det ypparste og mest eineståande landskapet i regionen.

Klasse A2 har høg inntrykksstyrke og mangfald.

Klasse B Femnar det typiske landskapet i regionen. Landskapet har gjengs gode kvalitetar, men er ikkje eineståande. Dersom eit statistisk stort nok materiale føreligg vil dei fleste landskapsområde liggje i denne klassen.

Klasse B1 syner det typiske landskapet utan inngrep i landskapet.

Klasse B2 syner det typiske landskapet med noko lågare mangfald og einskilde uheldige inngrep.

Klasse C Inneheld inntrykksvake landskap med liten formrikdom og/ eller landskap dominert av uheldige inngrep.

DEL 2



8. Når landskapets opplevingskvalitet lokalt skal vurderast innanfor ei regionalt ramme, vert konkurransen steinhard. Somme breadalar på Vestlandet har enno velstelt jordbrukslandskap og ein overveldande eksponering av brefall.

4. LANDSKAPSSKILDRINGAR

4.1 Landskapsområde 23.20.01 Buerdalen

Heimre avsnitt

Landform

V-skore dalform. Nedre delen av dalføret er sers trong og fjellsidene går saman heilt nede ved dalaelva. Øvst er fjellsidene rufsne med knausar og utoverhengjande hammarar. Himmelsjå ligg høgt og formasjonane kan verka trugande i dette innestengde landskapet. Framover dalføret møter blikket dalenden med Bretungar og slike har sterk verknad jamvel om ein er på stor avstand.

Geologisk innreiing

Det meste av lausmassar er skredavsetningar rasa ut frå fjellsidene. Her er vifteformer, men og mindre punktavsetningar og urder. Generelt er avsetningane grove med mykje blokk, på denne måten kontrasterar dei fint skogen og gjev mosaikk.

Vatn og vassdrag

Buerelva er eit fengjande element i dallandskapet. Den skrånande dalbotnen gjer at elva syner krefter og går kvit i stryk og små fossefall. Fosseryk driv opp frå elvelægjet fleire stader. Elvesusen er øyredøyvande og for dei som ferdast til fots ei svært sterk oppleving. I elvelægjet ligg store blokker fengd i ein evigvarande tvikamp mellom tyngd og kreftene i vatnet. Sideelver ned fjellsida går i slør og fossar, eit flott døme er fossen ned frå Buervatnet. Elva i dalbotnen har stor vassføring på varme dagar og stadfestar dimed sitt kalde opphav med smelting frå breen.



9. Landskapet langs Buerelva har fine kvalitetar, og elva gjev sterke opplevingar. Fjernverknad av breen gjev fin kontrast.

Vegetasjon

I lidene dannar bjørk det vanlegaste treslaget. Nedst i fjellfoten i solsida førekjem og edellauvskog med alm, fleire store og gamle styver, innslag er hatl og ein og annen ask. På dei turre skredbakkene i denne lida veks urter og blomar i rikeleg monn, slikt skapar fin variasjon. Vegetasjonen i dalbotnen ber preg av å vera beita og er soleis grasdominert med stort innslag av gråore på mark som gror att. Her er tendensar til parklandskap og slike stader er det stemningsfullt, ikkje minst då ein og har den nære kontakten til elva. Somme stader er det mindre granplantingar, her manglar den rektangulære plantefelt strukturen, og slike kan oppfattast som naturlege etableringar og bryt ikkje heilskapen.

Jordbruksmark

Heimst i landskapsområdet finn ein nokre få bratte små bøar i dalsidene, slike er godt eksponert. Der dalbotnen vidar seg ut til elveslette er og slike dyrka, det er snakk om små arealar. Bøane dannar fin kontrast til den voldsomme naturen. Den brattaste slåttemarka i sørsida av dalen vert ikkje hevda lenger, sameleis nokre bøar som hist og her ligg langs fjellfoten. Beitinga i utmarka har gått sterkt tilbake og det er mest berre i dalbotnen ein ser at vegetasjonen tidlegare har vore påverka av beiting.

Busetnad

Ikkje fast busetnad. Nokre løer står kringom der det tidlegare vart slege til høy, no ligg dei i skogen. Gardsvegen ligg fint i landskapet.

Landskapsverdi

Det sterkaste elementet i landskapsområdet er utan tvil elva i dalbotnen. Opplevinga av duren og den gode visuelle tilgangen til elva gjev sterke opplevingar. Samanliknar ein med liknande dalføre i regionen vil elva framstå med dei beste kvalitetar ein finn. Inntrykket av landformen kan seiast å vera regionalt representativt. Kontrastane i landskapet, her motsetnaden mellom kultur- og naturelementa, kan seiast å vera svekka då dei areala som tidlegare var kulturmark no vert dårleg hevda og gror til. Det er og i hovudsak mangelen på beiting med attgroing som gjer at mosaikken i landskapet er i ferd med å forsvinne, noko som med nokre få unntak er ei generell regional utvikling.

Evaluering av opplevingskvalitet: B1

4.2 Landskapsområde 23.20.02 Buerdalen

Framre avsnitt

Landform

Ein terskel i dalbotnen markerar skiljet mellom øvre og nedre delar av dalføret. Daltrauet utvidar seg noko med det same får ei flate ved Buer. Framafør likevel innsnevra og sterkt v-forma. Her er og monaleg fall utover i dalbotnen og fleire terskelliknande innsnevringar. Dalenden er sett saman av botnar, det er ein djup form der den nordlegaste botnen er hengande. Himmelranda vert danna av brefall og knortute nutar.



10. Fjellformasjonane som omkransar Buerdalen er smårufsne med nutar. På grunn av den tronge dalformen er det lite ein ser av snaufjellet.

Geologisk innreiing

Store skredvifter dekkjer mesteparten av arealet i den nedre del av dalprofilen, avsetningane møtest i elva. Viftene er grove med mykje store blokker og dannar markante avsetnings former. Store sprengblokker er og eit vanleg syn i terrenget. Kraftige hamrelag tårner høgt opp mot himmelsjå og kan verka trugande, sterke naturelement. Terrenget har ein kraftig og grov tekstur og kan opplevast som ulendt. Framanfor bretungene ligg nokre små moreneryggar, men det er ikkje snakk om noko storskala 1750 terreng der randmorenar er markante trekk i landskapet.

Vatn og vassdrag

Eit stort fall i dalbotnen og blokker i botn gjer at elva brusar og fossar kvit i stor villskap og med øyredøyvande dur. I dalenden forgreinar elva seg og dannar fleire mindre fossande løp i lidene i retning av dei ulike botnane. Inntrykket av dette elvelandskapet er komplekst og sterkt.



11. Dalenden i Buerdalen. Skredvifter på eine sida og glattskurte sva i hisida av dalen, ein fin kontrast. Ferske far på skredene tyder på gjev litt meire "liv" til landskapet. Heile vegen fossar elva kvit i ville byks og brusen er påtrengjande. Sjølve brefallet er lite og ikkje altfor dramatisk.

Vegetasjon

Gråore og bjørk er vanlegaste innslaga i skogen. Grovvaksen oreskog dannar tette høgstamma bestandar på fuktmark og turen gjennom opplevast som noko egenarta (serpreg). På lune stader i solsida førekjem og ruster med almeskog som einskilde stader har vore lauva. Den grove oreskogen og almerustane verkar frodige og dannar fine kontrastar til den karrige vegetasjonen oppunder breen. Lengst framme i dalbotnen er bjørka meir småfallen, inst under breen under etablering saman med vier. Undervegetasjonen i skogen er dei fleste stader urte og stauderik, nokre stader synleg beitepåverka med innslag av gras.

Jordbruksmark

Gardsmarka til Buen ligg i landskapsområdet. Innmarka rundt garden vert hevda, men bøane lenger framover i dalen og som tidlegare vart slege til grovfor vert ikkje nytta lenger og gror til. Beitinga er og sterkt på retur og utmarksbeitene veks att med kratt. Utviklinga har sterkt nedsett kontrasten mellom natur- og kulturmark, i attgROIingsfasen har ikkje krattskogen noko stor opplevingsverdi heller.

Busetnad

Blandt gardsbygningane på Buen er våningshuset bygd i seinsveitserstil og har eit visst serpreg. Dei andre bygningane peikar seg ikkje ut på nokon måte og kan vel seiast å vera representerative. Løene er utmarka er i dårleg stand.



12. Buen

Landskapsverdi

Landskapet i landskapsområdet kan karakteriserast som inntrykksterk på mange måtar, men blandt breadalane som høyrer til landskapsregion 23. Indre bygder på Vestlandet, er det hard tevling. I desse dalane er det mykje dramatisk landskap med sterkt typiske og for fleire, ekstreme landformer. Buerdalen har mange av ingrediensene som er vanleg å finna i slike dalar, men manglar avsmeltingsterrenget med dei mange randmorenane som er eit regionalt trekk. Her manglar og dei høge stupa som ein finn i dei fleste dalane. M.a.o. har ein i Buerdalen ikkje den same sterke dramatikken og formmangfaldet som ein finn regionalt i slike dalføre. Brefallet ligg høgt i terrenget og er ikkje like stordimensjonert og dramatisk som mange andre stader. Skogen med det serpreget den har, er eit stort pluss for landskapet. Betre hevd av slåtteteigane i utmarka, auka beiting og vedlikehald av løene hadde heva landskapskvaliteten, det er heilt uvanleg å finna landbruksareal so tett inntil breen.

Evaluering av opplevingskvalitet B1

4.3 Landskapsområde 22.21.01 Mosdalen/ Sandvikedalen

Landform

Munninga av Mosdalen/ Sandvikedalen har utvida profil i nordsida og er slakt kvelvande i ein skålform, men vidare innover er dalen er dalløpet sers trongt, v-skore og nærmest gjel store delar av dalføret. I dette gjelet kjem fjellveggane tett innpå og det er innestengd på ein uvanleg sterk måte. Heng og høge framspring i dalsidene er framtrudande og verkar trugande. Henga har glattskurte sva etter iserosjon, men kan og ha kanta strukturar på grunn av blokk- og steinsprang, noko som har gått føre seg i stort omfang. Kvelvingane nutane har mot himmelsjå er avrunda, men likevel sterkt knudrete og furete. Forkastningsstrukturar er djupe og framtrudande. Dalløpet endar i ein trong botn under Sandvikekjeften.



13. Dalformen i Mosdalen/ Sandvikedalen har trong v-skore profil, formen nærmest som eit gjel eller kløft, somme stader med dramatiske dimensjonar.

Geologisk innreiing

Mest framtrédande i dalføret er dei svært store blokkurdene som ligg under hamrelaga. Dei er grove og har soleis open struktur og ein finn dei nesten samanhengande langsetter dalbotnen. Stående avrunda sva preg og mangt eit parti i fjellsidene, og det som preg dalføret sterkast er difor nettopp kombinasjonen av sprengd urd og glatte bergflater. Det kan seiast å vera nokså spesielt. I munninga av dalen, fram til garden Mosdalen ligg og nokre breelvavsetningar og her er reiner og terrasseflater.



14. Grov blokkurd er vanleg å finna i dalsidene. Teksturen deira i fin kontrast til den her blanke elva.

Vatn og vassdrag

Elva har jamt fall og går for det meste brusande i stryk og einskilde småfossar, i gjela renn vatnet over ein bunn av slipt berg. Blokker som ligg i elvelægjet må med stor kraft forserast av vatnet. I nokre rolege, djupe loner gjev breavatnet fine akvarelliserende fargar til landskapet og her er vare kontrastar med duse gråe og grågrøne fargar litt avhengig kor djupe lonene er. Langs mest heile dalføret står fjellsidene ned i elva, eller ho renn over urdene. Einskilde stader fossar sideelver ned dalsidene, somme med slør utover stup (truleg berre periodisk). Ved Mosdalen og Londalen renn grøver stille gjennom skoglendt mark. Innlaupet

av daleelva til Sandvikevatnet dannar fin øyr med forgreina elveløp. Vassdraget skapar nære og inngjytande stemningar.



15. Frå Sandvikevatnet renn elva i stryk, dalen har vida seg noko ut. På stader med god jord, på høgresida av elva, veks det no bregner og bjørkeskog. På den tida området enno vart beita ville dette vore grasdominert (vegetasjonstype beitepåverka bregneeng). På skrapmark dominerar fure som i venstre sida av biletet.

Vegetasjon

Der det er skrinnt, og det gjeld for store delar av fjellsidene, veks det fureskog. Kraggar på svadene skapar trolske silhuetter. I urd og stader med djupare jord veks bjørkeskog, nedst i dalbotnen med innslag av eik, alm og hatl. Det førekjem store eksemplar av treslaga og nokre har vore lauva. På fuktmark langs elva førekjem ruster med selje og gråore, sistnemde i grovvaksne bestandar. Tidlegare innmark ved Londalen veks til med gråore og sprake, og der det enno er engprega med blåbær. Terrasselandskapet ved Mosdalen med bjørk og sprake. I bjørkeskogen kan bregner og høge stauder gje overdådige og frodige undervegetasjon, der det er turrare overtek lyng, blåbær og tyttebær markvegetasjonen saman med sprake. På grunn av dei store skilnadene i jordbunnsforholda i dalen skapar skogen fin mosaikk i landskapet. Spesielt ved dalen er dei mange solitærene som står i urdene.



16. I reinene står ein og annan bjørkestyve som vitnar om tidlegare tiders bruk. Somme styver er svært store.

Jordbruksmark

Det har tidlegare vore fleire gardsbruk i dalen, men desse er nedlagde for lengje sidan (siste bruket nedlagd i 1965). Det er innmarka som held best stand. Ved Londalen og Mosdalen er enga framleis i brukbar stand, ho har stort innslag av blomar, urter og ein del blåbær. Rundt knausar og på grunnlende har sprake etablert seg. Tidlegare eng på fuktigare mark er no attgrodd med oreskog. Skoraslåttar er ikkje lenger synlege frå dalbotnen. Ved Mosdalen er reinene og terrasseflatene tilgrodd med bjørk og sprake og berre flekker med grasmak att. Det er ikkje lenger beitepreg over vegetasjonen i utmarka. På Mosneset er og all mark ut av drift



17. Mosdalen. Berre vågningshuset og eit lite uthus står att. Innmarka er framleis grasdominert med sølvbunke i holene og gulaks på opplendt mark. Dalformen ved Mosdalen er utvida til ein skålforn (bak husa) der dalen gjer ein sving mot fjorden. Her er då forholdsvis romt.

Busetnad

Tidlegare har det vore drive fleire gardar i dalføret og ein har hatt fast busetnad. Samtlege bruk er no fråflytt, siste bruket fråflytt i 1965. På færøyisk heiter fråflytt so fint som avtoftad og tuftar finn ein att kringom i gardsmarka og i utmark. Der det er att bygningar har desse med unntak av husi i Hjortedalen som er istand sette ikkje kvalitetar lenger då dei ikkje har vore haldne vedlike. På Mosneset finn ein att nokre gardsbygningar, men her er no flest fritidsbustader. Gjennom heile dalføret ligg ein gang- og kløvjeveg, arkitektonisk svært vakker utforma. Tålmod og eit grusomt slit må det ha vore.



18. Gjennom reina ved Mosdalen har vegen forstøtningsmurar, men dei fleste stader er han bygde gjennom grove blokkurder.

Landskapsverdi


Mosdalen/ Sandvikedalen har eineståande landskapskvalitetar og regionalt vil det vera vanskeleg å "matche" denne serprega og vakre dalen. Fenomenal inntrykkstyrke av landformer med dimensjonar og sterk vertikalisme og formene har ekspressiv tekstur. Vassdraget syner ukontrollert sine krefter, men kan og lokka med loner og stille stemningar. På ferd gjennom dalføret er ein heile tida tett innpå elva. Sterkt naturpreg med eit sublimt innslag av kultur, vegen. Her er kontrastar og overraskande mangfald.

Evaluering av opplevingskvalitet A1

4.4 Landskapsområde 22.20.01 Guddalsdalen

Landform

Den v-skore nedre delen av dalføret har rett løp utan sidedalar. Dalbotnen er fråverande eller smal og har fleire tersklar. Her er fjernverknad frå dalsider og forrevne hamrelag øvst i fjellsidene tårner mot himmelsjå. Jamvel om det er trengt her verkar det i liten grad innestengd. Profilen er noko utvida mot dalbotnen nedst i dalløpet, men oppover i liten grad påverka av iserosjon. Ein skarp sving markerar overgangen til den øvre delen av dalen, ovanfor Hildalsvatnet forgreina med hengjande sidedalar og dalende som ein amfiforma botn. Berggrunnen i nedre delen av dalføret består av omdanna vulkanske bergartar. Bergartane er sterkt oppsprukne med framtrudande strukturar. Ovanfor Hildalsvatnet granittar med faste store landformer.



19. Dalen ovanfor Lona er innsnevra og trengt rundt den kvasse dalsvingen mot venstre. Her er sterke strukturar i berggrunnen med skard og blokkformasjonar. Bergartane er næringsrike, her er soleis frodig og grøderikt.



20. Ved Hildalsvatnet vert landskapet rommare med sidedalar og stor botn. Berggrunnen er granittisk, og i motsetnad til den nedre delen av dalføret (førre bilete) næringsfattig. Landskapet vert meir storforma og goldt. Hildalsvatnet er delvis demma opp av store fjellskredvifter.

Geologisk innreiing

Nedst i dalen, og einsskilde stader innover dalføret ligg grove elvesletter i dalbotnen. Nokre små slukåsar frå isavsmeltingstida ligg i dalmunninga. Urd og skredvifter dekkjer den nedre delen av dalprofilen. Nokre av urdene er svært grove, men viftene er meir finkornete. Mange stader har skredviftene snevra inn dalføret sopass at dalbotn manglar.



21. Skredviftene gjev fin konkav linjeføring mot dalbotnen.

Avsetningane gjev dalføret jamn konkav linjeføring mot dalbotnen og det kontrasterar på ein fin måte dei forrevne formasjonane øvst i dalsidene. Avsatser (løyft) og hamrar preg dalsidene. Hildalsvatnet er demma opp av eit (eller fleire) stort fjellskred. Det er ein heil del vitringsjord der ein har vulkanske bergartar, grunnlaget for ein svært frodig vegetasjon. Ved Lovatnet (Lona) ligg eit lite elvedelta.

Jamvel om formriksdomen i landskapet totalt sett er begrensa, er det likevel fin veksling med fleire ulike samansettingar av formene. Nedst i dalen elveslette og isavsmeltingslandskap, etterkvart vert skredene dominerande i landskapet saman med ulike bergformasjonar og her er frodig og vegetasjonsrikt. Ved Hildalsvatnet vert terrenget grøvre med enkle store fjellformer og store fjellskred. Der er ikkje lenger grønt og frodig. Området er soleis vekslande.

Vatn og vassdrag

Guddalselva har moderat til god vassføring. God magasineringskapasitet gjer at ho ikkje er nokon typisk flaumelv, og vegetasjonen står soleis tett inntil elva. På elveslettene i gjennom lonene flyt vatnet stille over stein- og evjebotn. I store deler av dalføret har elva betydeleg fall og her går det i stryk og småfossande over avsatsar og tersklar. Nokre stader er elveløpet forgreina og her dannast elvaøyr. Serleg rundt Lona er det fin stemning med frodig vegetasjon (kvann og bergfrue ved vatnet og alm i lia) og stauderik eng. Skredene ovanfor vatnet er grøderike med blomar og skorakung. Frå fjellet Brattagrød (merk namnet) renn sideelvane i strengjer nedetter fjellsidene og slike er blikkfangere. Eit stykkje nedanfor Hildalsvatnet kjem elva som ei kjeld or den grove urdi som demmar vatnet og bråttom vert det stille. Frå urdi stig kald og rå dâm.



22. Frodig vegetasjon med vierkratt, urter og stauder fylgjer vassdraget

Innråminga av Hildalsvatnet, med bratte høge fjellsider, urder og skreder og store botnar framanfor vatnet kan seiast å vera storslagen. Dei karrige omgjevnadene står i sterk kontrast til det grøderike dalføret nedanfor.

Vegetasjon

Guddalsdalen er av samtlege kartlagde dalføre den mest grøderike. Her er djup vitringsjord med god næringstilgang. Varmen i solsida gjer at ein har stort innslag av edellauvskog i solsida her og denne skogen går høgt. Dei mest framtrekande treslaga er alm og ask då dette vert store former og dei er skogdannande i tette bestandar. Begge treslaga har vore lauva og her er mange styver att. Ned mot dalbotnen førekjem og svartore på tidlegare kulturmark og mykje hatl. På fuktdrag langs elva førekjem gråoeskog med sprake på svaberga og vierkratt og selje i vasskanten. Ein einebakke ligg i kulturmarka i utløpet av dalen. Her vert beita av storfe, men likevel ikkje nok til å hindra at bakkane veks til med raun og osp.



23. Utan slått maktar ikkje kyrne å holde unna sølvbunke. Guddalsdalen er ein av dei få stadene ein treffar på store beitedyr i landskapet, men jamnt over er og her beitetrykket lågt samanlikna med kva det har vore før og marka veks til.

Ospa er og på frammarsj i skogen og dannar fleire stader tette bestandar. I skogsbotnen veks storfrytle i overdadige mengder og det ligg tjukke mosemattar på steinar. Skredlier førekjem i framre delen av dalen og her er graskledd med bregner, blåbær og stauder. Store bjørker og almar står som solitærar i skredmarka. I dette området har beitetrykket likevel gått sterkt ned og det er stort oppslag av runningar. I lidene under Brattagrød vert det framleis noko beita og her er ope parklandskap med store bjørker. Mykje bregner tyder likevel på for lågt beitetrykk og her vil det vekse til med skog. Vegetasjonen dannar fine mosaikker i landskapet og her er stor artsrikkdom.



24. Almebestand i solsida, her er brukbar forynging med mange piskar og halvstore tre, truleg takka vera lite beite i området.

Jordbruksmark

I dalmunninga ligg større areal med gjødsla beite, her er både slette og bakkar der det tidlegare og har vore slege og stelt med skogen. No vert det beita med ein bøling kviger og kyr, på skredene vert det beita med smale. Det enno opne landskapet dannar eit fint innslag i det elles sterke naturpreget.

Busetnad

Det er ikkje næringsrelaterte bygningar i området. Det er bygd traktorveg til enden av beitevollen og denne ligg fint i terrenget.

Landskapsverdi

Landskapet i Guddalsdalen er frodig som få andre stader i regionen. Vegetasjonen er mangfaldig og dannar fine mosaikkar og ulike teksturar frå bregneenger til bjørkehagar og grasbakkar m.m.fl.. Samspelet mellom vegetasjonen og vassdraga er og opplevingsrikt med den store planterikdomen tett inntil elvar og grøver. Det er vekslende komposisjonar danna av landformene og soleis ulike trekk og variasjon oppover dalføret, den djupe dalformen og til ein viss grad inntrykksterk. Vassdraget er eit sentralt element i dalbotnen, serleg er landskapet rundt Lona og framover i terrenget inntrykksterk med fossestrengjer og mange løp. Det er heilt klart vegetasjonen som løftar dette landskapsområdet eit godt hak over det som er vanleg regionalt.

Evaluering av opplevingskvalitet A2

4.5 Landskapsområde 22.20.02 Muradalen



25. Muradalen

Landform

U-dal, men formen er ikkje utprega sterk. Dalformen er trong, men verkar på grunn av den breide dalbotnen ikkje innestengd. Ei dalfylling gjev flat, mot dalsidene slakt stigande dalbotn. Dalsidene er ujamne med framspring, løyft og markerte dalskuldre i 7-800 m høgde. Frå denne høgda byrjar og nokre djupe botnar ta form i nordaustre dalsida og desse dannar tindelandskapet oppunder Melderskin og Bjørndalstindane. Det er stor skilnad i bergartar, nedst i dalprofilen mørke gabbrobergartar, det forklarar mykje av den ujamne topografien i dalsidene, og i høgda granittar. Granittane gjev snaue flater i landskapet, stram og avrunda linjeføring av landformen.

Geologisk innreiing

Den flate delen av dalbotnen er bygd opp som ei elvesletta. Avsetningane er grove, truleg utspylingssedimentar frå isavsmeltingstida og her finnst då og eldre, no turre, elveløp på sletta. Der det byrjar med bakkar vert det straks grovblokkig i overflata og her overtek bunnmorene. Fleire stader ligg tungar med blokkrik skredmateriale over morene avsetningane og her er skogsett i denne elles opne oppdyrka dalbotnen. I fjellssidene førekjem ein del vitringsmateriale og mindre skreder.

Vatn og vassdrag

Dalelva renn roleg over den flate dalbotnen. Elva er omkransa av gråoreskog og er lite synleg. I dalmunninga følgjer ein lite forbygning elva og her er vassinntak. Det er teke ut massa langsetter elva og her er omgrave i samband med vassleidninga. Også einskilde grøver i dyrkamarka er greve ut og har fått forstørra og utretta far. Sideelver er lite synleg, ei av dei

fossar kvit nær dalbotnen. Den store attraksjon i landskapet er Ringeriksfossen. I eit trangt amfi hengjande i høve Muradalen sin dalbotn, styrtar vatnet frå Prestavatnet i ein vakker foss nedetter skrånstilt berglag. I botnen av amfiet ligg grove blokkurder, drevet frå fossen fuktar steinane og den mose- og lavrike vegetasjonen i sørveggen av amfiet. Nordom fossefallet har ein turrbakker på skredene og her er fargerikt med blomar. I lida opp mot dette amfiet ligg eit parkliknande landskap med gamal slåtte- og beitemark og store bjørker. Her er kraftig elvesus og vakker utsikt nedover Muradalen.



26. Ringeriksfossen

Vegetasjon

Forekomsten av edellauvskog er klart samanhengande med næringsrike bergartar. Gabbroene i dalføret vitrar og er til ein viss grad kalkholdige. Det er diføre eit visst innslag av edellauvskog i skredene i Muradalen, hovudsakeleg i den sørvendte lida. Treslaga førekjem mest som einskildtrær og ruster, her er alm, ask og noko lind. I dalenden vert vegetasjonen meir varmekjær og her finnst stader reine askeskogar med innslag av alm og hatl. På grunn av dei grove massane i grunnen er undervegetasjonen ofte sparsam i fjelsidene. Langsetter elva i dalbotnen og fuktdrag frå fjellsida veks gråoreskog. I høgda og i skuggesida er bjørka og raunen dominerande. Parklandskap med grasbakkar og store beitebjørker finn ein i lida opp mot Ringeriksfossen. Det er kraftig attgroing med skog på mindre godt bonitert dyrkajord. Mindre plantefelt ligg i dalsidene, her er både gran og lerk, felta er ikkje dominerande.



27. Ved kraftstasjonen. I lida bak kraftstasjonen askeskog med innslag av alm og hatl. Høgt oppe i mjel-skredene (grasbakkene) einskilde store almar. I lida sør for elva førekjem ikkje edellauvskog, her har tidlegare vore slege og beitt og det står att store beitebjørker i det opne landskapet. Eit lite granplantefelt ligg høgt i lida, ein tilfeldig utforming gjer at den inngår som ein del av den naturlege mosaikken i skogen, og ein legg ikkje vidare merkje til feltet. I framgrunnen gråore. Her er fin mosaikk i vegetasjonsbiletet. Krafstasjonen, røyrgata og taubana er inngrodd i skogen og lite synleg. I den hengjande botnen bak røyrgata ligg den flotte Ringeriksfossen.

Jordbruksmark

I Muradalen ligg mykje dyrka og overflatedyrka jord. So godt som heile den flate dalbotnen er dyrka, samt dei slake morenebakkane nedst i dalsidene. Det opne jordbrukslandskapet har annan tekstur enn skogen rundt og dette gjev soleis fin kontrast. Arealane har vore svakt hevda gjennom lengre tid, tilgroinga med skog i kantane, der det er grunnlendt, og rundt rydningsholmer er stor. I enga står mykje sølvbunke og tubbemark er vanleg, eit teikn på manglande slått/ pløyging. Trass i at storfe er på beite er inntrykket av hevdet diføre svakt, og dette dreg ned heilsskapsinntrykket.



28. Det meste ein ser av jordbrukareal her ligg på morene- og skredbakkar. Ovanfor er dei brattaste arealane på skredene allereide grodd att, og tilskoginga langs elva tek til å verta omfattande. Den gule fargen på areal som ligg på elvegranden kjem av gulaks og mykje sølvbunke, eit teikn på manglande hevd.

Busetnad

Det er ikkje fast busetnad i Muradalen, det er få bygnader i dalføret. Ved innløpet av dalen ligg ein stor sommarfjøs. Bygningen, murt opp av tilhogge stein har og helletak og verkar svært forseggjort. Det er mange tuftar i dalen som det no ikkje lenger finnst hus på. Steingarder er det ein heile del av, nokre i god stand andre meir til nedfalls. Ein veg følgjer heile dalføret innover til kraftstasjonen. Vegen har moderat utforming og ligg greitt i landskapet, ei betongbru kan verka lite tilpassa i terrenget. Ei kraftlinje følgjer vegen, truleg frå same tida som då stasjonen vart bygde. Kraftstasjonen, ein femtitalsbyggnad ligg godt gøymd i skogen trass i den firkanta utforminga. Røyrigata og taubane til sluken sameleis og er lite synleg.



29. Sommarfjøs. Bygningen har noko storsleg over seg. I bakgrunnen steingardar for kve og gilje (geilen). Sprakene syner attgroinga på innmarka. I framgrunnen mykje tistlar og sølvbunke i graset, endå so vert det mest beita akkurat her.

Landskapsverdi

Dalføret kan seiast å ha ein vakker naturleg utforming med djupe ståande i dalsidene, men og liggjande og bølgerande linjeføring i dalbotnen. Vegetasjonen og serleg dyrkamarka har stor sjølvstende i landskapsbiletet og er difor godt kontrasterande. Elva i dalbotnen er lite kraftfull og anonym. Kulturelementa i dalføret tilfører ikkje vidare gode opplevingar då mykje er dårleg hevda eller til nedfalls. Kvalitetene i landskapet ligg konsentrert til Ringeriksfossen og området rundt, i eit samspel av eksentriske landformer, botanisk mangfald og dramatikken i fossefallet. Her er serleg inntrykksterkt landskap.

Evaluering av opplevingskvalitet B2 for heile dalføret. Eit delområde ved Ringeriksfossen A1.

4.6 Landskapsområdet 22.20.03 Melsdalen

Landform

U-dal, i utløpet relativt breid med låg dalsskulder langsetter Skålaegga. Dalmunninga er hengjande i høve fjorden og her er soleis opent landskap. Nordre fjellsida vert meir markert etterkvart ein tek seg innover i dalen og Myrdalsvatnet ligg i trau bak ein terskel. Eit lågt band framom vatnet dannar bakre veggen i landskapsrommet mot Ænesdalen. Over bandet troner Gygrekjeften høgt som ein trolsk formasjon. Landformen er avrunda, typisk granittlandskap. Det er sterk konkav linjeføring i landskapet.



30. Siste solstrålene ljøser opp bandet mellom Melsdalen og Ænesdalen. Landformenene i området er typisk glasialt danna og har kraftig avrunding som fylgje av sliping.

Geologisk innreiing

Moreneavleiringar fyller dalbotnen og her er sjeldant fint bunnmoreneterreng. Avsetningane har truleg stor tjuknad i den ytre delen av dalføret, mot vatnet avtek tjukkeleiken noko. I nordre dalsida ligg sedimenta som benker i terrenget og har blokkig overflate. Her ligg og randmorenar og serleg i sørsida utspylingsrenner forma som ravinar. Ravinane dannar store

former. I fjellsida under Melderskin dannar lagningen i berggrunnen framspringande benker og lister. Framre delen av dalføret og stega oppunder Melderskin syner bergflater og her er med unntak av noko urd og skredavsetningar lite lausmassar. Skredfar pregar lidene oppunder Melderskin. Eksfolierende bergflater ligg framom vatnet. Det synest som om det er ein viss aktivitet.

Vatn og vassdarg

Elva frå Myrdalsvatnet har lita vassføring og er anonym slik ho ligg skjult i skog. Her er ikkje elvesus. Hildalsvatnet ligg vakkert til i eit amfiforma landskapsrom, i vassenden er vatnet demma opp noko. I innløpet ligg eit lite elvedelta med forgreina løp.

Vegetasjon

Med unntak av kvelven under Melderskin og framre delen av dalføret, er det sterkt skogpreg. I ein opprinneleg bjørkeskog er det planta inn store felt med gran, det meste hogstklasse 2 og 3. På haugane i nordre dalsida, rett før vatnet veks det furuskog innblanda med noko bjørk. Her er mange storvaksne furuar, og tilsynelatende ikkje hogge stort. Marka i dalbotnen er mange stader prega av tidlegare beiting, då her er mykje grasmark att i skogen. Opne beitearealar veks til med skog. Det er lite innslag av urter og stauder i undervegetasjonen. Vegetasjonen er ikkje av ein slik karakter at den lagar mosaikkar i landskapet.

Jordbruksmark

I dalmunninga er det fleire store nydyrkingsfelt. Open beitemark med storfebølingar er å sjå fleire stader i den nedre delen av dalføret. Framigjennom avtek beitinga sterkt og jamvel om stølsvollen kring Midtsætret framleis er open vert det ikkje beita serleg her. Det vert beita øvst i den søndre lia oppunder Melderskin, her er antydning til parklandskap med bjørker i skoggrensa, og framafor vatnet.



31. Midtsætret. Ikkje drift, men bygningane er stort sett velhaldne.

Busetnad

Det er ikkje fast busetnad. I vassenden ligg ei naustrekkje. Enkle bygningar med eternitt og bølgeblekk, men allikevel fin stemning akkurat her. I nordsida av Myrdalsvatnet ligg nokre hytter. Fleire av dei er synlege frå vatnet, ligg tett inntil, andre ligg fint tilbaketrukke i skogen og let strandlinja vera for alle. På Midtsættet har bygningane arkitektoniske kvalitetar. Gode tuftar i gråstein, hellelak og på nokon profilert kledning. Her er sel, sommarsfjøs og mjelkebuer til ostekoking. Sela framom vatnet ligg trivleg til i landskapet. Vegen gjennom dalen har god utforming. Sidevegar brukt som skogsveg kan synest å vera noko inngrepsprega i landskapet, men berre med nærintrykk.



32. Naustrekkja i vassenden av Myrdalsvatnet.

Landskapsverdi

Melsdalen har med sine vide og ope dalform, og det omfattande morenelandskapet i dalbotnen absolutt eit visst serpreg, men her er ikkje stort formmangfald. Den mest inntrykksterke delen av landskapet i Melsdalen ligg kring Myrdalsvatnet. Det er eit velforma dalrom der elementa er godt oppbygd og visuelt tilgjengeleg. Serleg gjev fjernverknaden til Gygrekjeften sus over landskapet. Her er enno fin balanse mellom naturlandskapet og bygnadene i landskapet, men vert strandlinje for mykje utnytta kan dette skipla over og verta for mykje bruksprega.

I underregionen er dette dalføret utan sidestykket. Regionalt er det likevel ikkje eineståande med denne typen landskap og i mange av dei har vassdraget betre kvalitetar enn det elva i Melsdalen har.

Evaluering av opplevingskvalitet B1

4.7 Landskapsområde 22.20.04 Ænesdalen

Landform

U-forma dalføre fram til Hestabotnen, her er god breidde i dalbotnen. Serleg har vestre dalsida, Taklia, ei kraftig isskurt og avrunda utforming. I retning av Vatnastølsvatnet vert dalen etterkvart trongare og v-forma. Her er svært lite lausmassar oppe i dalsidene. Frå dalbotnen har ein god utsikt gjennom dalføret og til nutane i fjellet. Det er fleire tersklar og trau i dalbotnen.



33. Ænesdalen framafor Vatnastølsvatnet. Frå Rundavatnet (729 m o.h.) skimtast elva i stigninga av terskelen som stengjer dette vatnet. I framgrunnen renn elva over blanke svad i dalbotnen. I fjellsidene er det lite lausmassar, her er mest skurte, knudrete sva og langs fjellfoten små skredvifter og blokkurd. Snørenner ligg avsølt i lid og i fjellet. Dette området har sterk villmarksstemning, det er som å setja fot i nyoppdaga land.

Geologisk innreiing

I utløpet av dalføret ligg dalbotnen flat i ei slette og består av grove elveavsetningar. Her ligg elvebankar i eit forgreina system med elveløp. Svært grove massar i avsetningane kan tyde på at dette er isavsmeltingsterreng. Det renn stilleflytande grøver i dei gamle elvelægjene og dei har no fått evjebotn. Ei markant nedskjæring i bunnmorena i den nordre dalsida markerar den gamle elvesletta. Også Taklia vert prega av til dels tjukke bunnmoreneavsetningar. I det heile er preget av morenelandskapet i denne delen av dalen sterkt. Under Gygestolen ligg nokre store og sers grove blokkurder, men denne typen avsetningar er elles ikkje framtrêdande i dalføret, då ein i dei fleste lider har svad og hamrelag. Berget i framsida av Gygestolen er kløyvd av nokre ståande djupe klover. Steinsprang i klovane og nedrasing av blokkmarka på toppen av stolen og bortover mot Steinlauperinden har fororsaka steinlaup og svor av imponerande dimensjonar. Aktiviteten pågår framleis med stor kraft og frekvens. At landskap vert skapt, ikkje berre før i tida, men óg aktivt idag gjer opplevinga av det levande og sterk.



34. Frå djupe klover under Gygrestolen og Steinlauparinden kjem blokkrike steinlaup. Massane er svært grove med kampesteinar. Vatnet i desse svorane har skore djupe ravinar i avsetningane i dalbotnen.



35. Dei siste åra har aktiviteten vore stor og skogen må vike. Få stader i landet kan ein observera slike aktive prosessar.

Opplevinga av landformen, med den aktive skapinga på gang, dei store teksturelle skilnadene mellom morenelidene, grovt blokkterreng i dalbotnen, skreder, urd og blokkformasjonar i fjellsidene, og svadene framom Vatnastølsvatnet gjev store vekslingar og kontrastar. Dei fysiske skilnadene vert gjenspegla i biletet av skogsvegetasjonen som og dannar fine mosaikker.

Vatn og vassdrag

Daleelva kan karakteriserast som vassrik og har etter fargen å døma eit visst tilfang frå breen. Vassdraget renn gjennom fleire trau danna av meir eller mindre markerte tersklar i dalbotnen og elva sitt regime er difor vekslende. I den breide delen av dalen er fallet liten og elva renn i store svingar over dalbotnen. I dette morenelandskapet er elvebotnen steinut og her vert danna elvebankar i eit forgreina løp. Nokre loner ligg i gamle dødishol, blokkformasjonar står ut i vatnet. Vidare framover i dalen vert stigninga i dalbotnen større og vatnet fossar vilt gjennom små gjel og mellom stein og blokk, sume stader og svad.




36. Æneselva kan vera vanskeleg tilgjengeleg over strekningar grunna tett skog og ulendt dalbotn.

Elvesusen er sterk. Vatnastølsvatnet og Rundavatnet kan på ein stille dag spegla blanke fjellsider og ljose snøfenner. Strandlinja er grov med blokker og stein. Siste strekninga til Vatnastølsvatnet renn elva over breide blanke svaberg i ein tiltrekkjande estetikk. Over blankt berg renn brevatn kvitfossande ned til Rundavatnet. Her er rennande vatn og elvesus på alle kantar og dominerande element i landskapet.

Vegetasjon

Blåbærfureskog er dominerande skogtype der Ænesdalen er på sitt breidaste. Det er hogge mykje i skogen og her er lite "gamalskog". Gran erstattar furu i nye felt. Myrarealar er grøfta ut. Fureskogen har ein viss innblanding av bjørk og raun. Tidlegare slåttebøar kring stølen har vakse til med skog. Langs elva i dalbotnen og på fuktigare mark førekjem storvakse

oreskog. Framover dalen overtek bjørkeskog meir og meir og kan danna tette bestander. Her er innslag av eldre beitetrær. På skredmark lægdeskog. Der det er større tilgang på næring frå sigevatn førekjem innslag av bregne- og staudeskogar. Somme stader ligg det tjukke mosemattar på steinar og i skogbotnen.



37. Ranke furuar i silhuett mot kveldssol.



38. Spreidd i skogen står gamle beitetrær. Dette har tidlegare vore ope parklandskap og ungsbogen veks fram på gamal beitemark. Her er framleis innslag av grasartar i skogbotnen og restar av steingardar.

Jamnt over kan skogtypene i dalen karakteriserast som artsfattige, noko som har ein heilt klar samanheng med den sure berggrunnen i området. Her er ikkje innslag av edellauvskog.

Skogen dannar fine mosaikker i landskapet og den er vekslende fordi den førekjem i einsarta grove bestandar og det at her er fleire suksesjonsfasar.

Jordbruksmark

Det har tidlegare vore stølsdrift i dalen og nedanfor stølen har det vore innhegna slåttemark. Det vert framleis hausta noko fór her. Fleire av dei gamle slåttemarkane som ligg noko meir perifert til er no planta til med gran. Utnyttinga av jordbruksmarka har gjennom mange år vore på retur då det allermeste av beitene er grodd att. Ein bøling kyr beita på stølstråi og i skogane kringom, og kan henda vil utnyttinga av hamnane ta seg opp att.



39. Ænesstølen

Busetnad

Det er ikkje fast busetnad i dalføret. På stølen er det nokre få sel som er halde vedlike, fjøsa står det ikkje så brå til med. Fram til stølen er det bygd veg og denne ligg greitt til i landskapet. Framom stølen har det vore bygde mange stubbar med skogsvegar. Dårleg utforming og lite pent arbeid gjer at ein opplev vegane som skjemande inngrep i landskapet.



40. Inngrepsprega veg i skoglandskapet.

Landskapsverdi

Ænesdalen har verknadsfulle naturelement i seg. Dei aktive skredprosessane, svarar og steinlaup, som går føre seg i lida under Gygestolen og Steinlauparinden har ei veldig framferd og ofse, og er einståande i sitt slag, truleg heilt på nasjonalt nivå. Landskapet framme i dalen er og vakkert utforma. Det er eit til dei grader typisk vestnorsk dal- og fjellandskap, som det er lite att av. Dette landskapet er så å seie urørt og det har sterk villmarkspreget. Utløpet av dalen er visuelt og fysisk påverka av skogvegbygginga, dei store granplantingane verkar framandarta her. Det er likevel fleire opplevingsrike skogtypar i dalføret, serleg dei grovaksne oreskogane i dalbotnen. Vassdraget i dalen har svært høge kvalitetar, her er fleire vatn og strie elvestrekningar.

Evaluering av opplevingskvalitet A2



41. Kjøring med tungt redskap har øydelagt fleire elvefar og grøver. Slike handlingar sett ned landskapskvaliteten.

4.8 Landskapsområde 22.20.05 Furebergdalen

Landform

Furebergdalen er ein hengjande dal i høve Maurangerfjorden og dalbotnen ligg på nærmare 500m. I dalmunninga skjer ei nedskering langs elva og her er meir v-forma terreng der dalsidene skrår rett i elva, det heile som ein bratt slukt ned mot fjorden. Terrenget er likevel opent i ein breid skålfarm mot Tveitadalsvatnet og låge åsar mot Daurmålshaugen. Ved Dyrskardheia snevvar dalen seg inn og vert sers trong med over 700m høge dalsider. Dalløpet er rett og dette gjev god gjennomsyn heilt til botnane i enden av dalføret. I høgda er dalformen sterkt prega av iserosjon med botndannelse.

Geologisk innreiing

Tilliks med dalmunninga i Ænesdalen finn ein og i Furebergdalen tjukke moreneavsetningar i dalmunninga. Terrengkonturar er avrunda og det er lite berg å sjå. Avsetningane er grove og blokkrike i overflata. Frå der dalen snevvar inn ved Dyrskardheia, og vidare oppover vert lausmassane meir og meir danna av vifteforma skredavsetningar og grove opne blokkurder. Ei skredvifte ved Furebergsetra har store dimensjoner, den tydlege og aktive soneringen gjev skreda instruktive kvalitetar. Langsetter elva i dalbotnen ligg fleire breelvdelta og elvesletter frå isavsmeltingstida. Jamvel om avsetningane er småe er dei tydlege i terrenget og gjev kontrast erande linjering i eit landskap prega av vertikalitet og gravitasjonsbetinga avsetningar. I landskapet finn ein både gamle og unge landformer. I dalsidene er det store snaue svadflater som sterkast preg landskapet. I det tronge dalføret kjem dei trugande tett innpå og utgjer ein sterk påverknad. Framre delar av dalføret vert meir og meir fri for lausmassar og bergflater dominerar heilt.

Vatn og vassdrag

Furebergfossen markerar det store fallet vassdraget har siste stykket mot fjorden. Langs denne strekninga fossar vatnet vilt nedover og somme stader er det mykje vassdriv. Rolegare renn vatnet i den gamle dalbotnen, her svingande over ei smal elveslette i dalbotnen med elvebankar og låge nedskjeringar i dei gamle elvesengene. I det forholdsvis opne og nesten skoglause terrenget er elva eit blikkfang. Nokre små loner ligg langt framme i elvelægjet, i all beskjedenhet likevel to små smørauga i landskapet. I enden av dalen greinar elva seg til fleire løp, dei renn kvit nedover dei bratte kneikane. Elvesusen, den bratte botnen som stengjer av landskapsrommet, og massiv framføring av bart fjell, gjev ei scene med sterk hydrologisk oppleving.

Vegetasjon

Ljosopen lyng- og blåberfureskog er heilt dominerande oppover til Dyrskardheia. Nedanfor Tverrelva er skogen sterkt påverka av hogstflater og vert dels forynga med gran, her er lite pent landskap. Ovanfor Tverrelva står fureskogen med urørt preg. Her er fleire kjemper med store greinar og flat busket krune. I skogbotnen er og mykje torvmose og dannar mjuke teppe. Det er stor ro i skogen. Ovanfor Dyrskardheia overtek bjørkeskogen i eit belte langs elva. Fjellsidene er for det meste heilt snaue og her er grasrik kort vegetasjon. Vegetasjonstypane er fattige og det er difor lite plantevariasjon. Det vert beita ein del i dalen og på skredene har ein opne grasbakkar som trer godt fram i terrenget.

Jordbruksmark og Busetnad

Skogvegen er del av eit sterkt hogstpåverka landskap.

Landskapsverdi

Furebergdalen har nokre få landformer som dominerar heilt, og det er difor ikkje stort mangfald. Med unntak av nokre små avsetningar på elvesletta er det liten kontrasterande linjeverknad i landskapet. Dei mektige fjellveggane med store berrflater er likevel imponerende og inntrykksterke, sameleis dei veldig store skredviftene danna av snøskred. Vegetasjonen syner liten veksling, bortsett frå sjølve vekslinga mellom fure-og bjørkeskog, men fureskogen gjev med sine gamle trær og urørt preg harmoniske natur opplevingar. Det er sjelden idag med denne vegetasjonstypen intakt på veg frå fjord til fjell. Dei allersterkaste opplevingar i Furebergdalen gjev elva. Ho har høg visualitet og er svært verknadsfull i landskapet.

Landskapet i Furebergdalen har typisk regional utforming. Vassdraget har kvalitetar langt over det regionale snittet⁷.

Evaluering av opplevingsverdi B1.

⁷ Ein landskapskomponent som dei fleste stader i regionen er berørt av vassdragsreguleringar, noko som har nedsett den regionale kvaliteten av denne komponenten.


4.9 Landskapsområdet 22.20 06 Bondhusdalen

Landform

V-forma dalføre, glasialt noko modifisert og avrunda mot dalbotnen. Dalformen verkar trong fram mot vatnet der det er eit sprang i terrenget og den tronge formen løysar seg noko opp. Dalsidene er rufsne med meir eller mindre skarpskorne framspring og tagga himmelrand og i dette landskapet er Fynderdalsborgjo ein serleg framtrudande og inntrykksterk formasjon. Frå dalbotnen har ein utsyn til nutar i fjellet. Dalbotnen er ujamn og uoversiktleg, slakt til moderat stigande fram til Bondhusvatnet. Bondhusvatnet skapar eit eige landskapsrom, ei. Vasspegelen vidar ut romkjensla, her og forsterka av hengjande botndalar og botnar som bryt dei høgreiste fjellssidene.

Geologisk innreiing

Heilt i dalmunninga ligg ein serie med breelv- og elveterrassar. Eit typisk vestnorsk avsmelting- og landhevingslandskap med bratte reiner og terrasseflater, men her meir ope og betre eksponert enn vanleg. Her er og ein fin iskontaktskråning som syner at breen låg inntil terrassane då dei vart avsette. Oppover dalen når store skreder dalbotnen og snevrer av. Rasskard under Husefjellet er aktive og lagar kontrasterande linjering i fjellsida. Somme stader dekkjer mektige blokkformasjonar dalbotnen ved t.d. vassenden av Bondhusvatnet, ein veldig og (for mange) uvant tekstur. Hamrelag står fram i dalsidene, langs sørsida av vatnet óg stup. Bart fjell preg områda rundt Bretunga og dei høgstliggjande delane av landformene mot himmelsjå. Bondhusbreen⁸ syner fine blåfargar og sprekkestrukturar. I den vesle kupa framføre tunga ligg eit i utstrekning lite avsmeltingsterreng frå vesle istida. På nordsida av breen er den laterale 1750 moreneryggen en tydelig struktur i terrenget. Det er eit stort mangfald av terrengformer med ulik genese i Bondhusdalen, her er og fine teksturelle skilnader.



42. Kraftige strukturar skapar liv i fjellssidene.

⁸ På det gamle gradteigskartet skrives hokjønna som Bondhusbreo

Vatn og vassdrag

Bondhusvatnet er utan tvil smørauga i landskapet. Vatnet si evne til å spegle breen og dei voldsomme fjellformasjonane har ein nesten magisk innverknad på tilskodaren. Dei store skredblokkene som ligg i vassenden som bryt vassflata skapar og trolsk stemning. Folk tek seg god tid til å sjå på landskapet herifrå og ein kan observera stor opplevingsintensitet hjå dei. Fossesløret frå Krokavatnet skapar det som skal til av larm i denne vestlandske opplevinga. På grunn av vassdragsregulering er det lite vatn att i elva frå breen, Bondhuselva er difor og fislele. Det nedsett sterkt kvaliteten av denne komponenten om enn ikkje heilt katastrofalt øydeleggjande på grunn av slørfossen.



43. Øvre del Bondhuselva.



44.

Vegetasjon

Groreskog veks i det meste av dalbotnen. I fjellssidene overtek bjørka, og her er til dels stort innslag av varmekrevjande treslag, ask, alm og hatl. Treslaga gjev visse graderingar i fargen på skogen. Spreidd står bestandar av osp. Mot skoggrensa ligg det opne grasmarker under rotpunktet av skredviftene. Den jamne overflata og ljose fargen skiljer seg fint ut frå skogens lauvverk under og berghamrane ovanfor.

Jordbruksmark

Ikkje synleg arealar

Busetnad

Vegen innover Bondhusdalen er det sterkaste kulturelementet i landskapet. Vegen ligg godt i terrenget. I vassenden av Bondhusvatnet er det noko anleggsverksemd i terrenget som kan verka inngrepsprega.

Landskapsverdi

På fleire måtar kan Bondhusdalen seiast å vera mangfaldig, då her er er relativt stort mangfald av heilt ulike terrengformer og teksturar. Spesielle detaljar med urda som ligg i utløpet av vatnet og dei store blokkene i dalbotnen. Bondhusvatnet med breen er det heilt store blikkfanget og nokså inntrykksterkt. Ein opplev sterkt motsetnadene mellom solvarmen i dalen, innslaget av varmekrevjande skog og synet av den kjølege Bondhusbreen. Alt i alt sterke opplevingar heilt på høgde med det beste av liknande landskap. Inngrepet i vassdraget er av slik karakter at det tek vekk opplevinga av ustyrlig vatn hadde det ikkje vore for fossen frå Krokavatnet. Kvitfossande og vassrike breelver er eit regionalt karakterdrag for denne typen landskap. I det gode selskapet er inngrepet sterkt nok til å gje redusert opplevingsverdi.

Evaluering av opplevingsverdi B1

5. GRENSER I LANDSKAPET

Kapittelet inneheld ei kort gjennomgang av kor kartleggingsarbeidet har gått føre seg, og vidare kvar i landskapet dei topografisk betinga grensene for dei ulike landskapsromma ligg. Ytre grense for utgreiingsarealet vedr. evaluering av landskapsverdi er drege i **raud** strek. **Blå** blokka strek syner naturlege grenser i terrenget som kan bety noko for avgrensinga av landskapsrommet. Somme av desse grensene er betydningsfulle og naturlege avslutningar i landskapet og er topografisk betinga. I andre tilfelle kan dei meir status av å vera mindre viktuge romdelere i landskapet og danna ved t.d. gradientendingar i ei lid, mindre sprang i dalbotnen eller ei viktig visuell hindring danna ved skog.

Visuell romavgrensing i landskapet er av stor betydning for t.d. draging av vernegrenser. Det dreier seg i all hovudsak om heilskap(stenkning). Alt som går føre seg i eit landskapsrom vil verta synleg i dette landskapsrommet, aktivitet utanfor landskapsrommet vil ikkje vera synleg. Dersom ei vernegrense ikkje vert lagt slik, og nye inngrep i landskapet utanfor vert synleg lang innanfor verneområdet vert opplevingsverdiane negativt påverka innanfor grensa.

5.1 Buerdalen



Ei heilt klar ytre romavgrensing for landskapet i Buerdalen går nett innanfor grenda Jordal. Heile strekninga oppover dalen har ein fjerninstrykk frå områda i retning av breen. Nedover vil aktiviteten i landskapet ved Jordal ikkje påverka områda innanfor reint visuellt. Ein betydningsfull terskel nett nedanfor Buen gard avsnører det nedste landskapsrommet og ein går over i eit nytt rom som strekkjer seg heilt inntil breen. Sjølve garden er eit viktugt element i møtet med det indre landskapsrommet der brenært landskap er hovudattraksjonen. For å oppleve dramatikken i landskapet (sterkt positivt), trengst ei serie med emosjonelle hendingar. Då er det viktug at dei som søker opplevingar ikkje vert konfrontert med "øydelagt" landskap i starten. Her er heilskap eit nøkkelord jamvel om delar av dalføret fell utanfor ei vernegrense.

5.2 Mosdalen/ Sandvikedalen




Ei heilt klar romgrense går rett bakom busetnaden på Mosnes, der stien byrjar gå langs elva. Grunna utsyn mot fjorden, fjerninntrykk av Langfossen bl.a., har landskapsrommet noko annleis karakter enn det innelukka dallandskap som byrjar der Mosdalen gjer ein kneik austover, og her går og ei klar grense.

5.3 Guddalsdalen




Ei romavgrensing som er markert i dalbotnen går ved Trolldalshaugane, der "entrar" ein sjølvje dalrommet i Guddalsdalen. Ei mindre romavgrensing går i flaskehalsen rett innanfor garden Naterstad. Denne elvededskjeringa er trang, og ein har liten kontakt med det store dalrommet bakenfor og difor er den ikkje so interessant. Ei betydningsfull innsnevring i dalbotnen, nokre få hundre m innanfor Guddalsfita kan og danna ei naturleg avslutning i terrenget. Denne landskapsgransa er ikkje "tett", og ved ei slik avgrensing vil ulike endringar i landskapet kunne verta synleg innanfor.

5.4 Muradalen




Den einaste, og ein naturleg avslutning av dalrommet, går nett ovanfor Fossberg, ved knaus 175 (Skolten?). Her ifrå og vidare innover er dalen open, men ei innsnevring i dalbotnen ved foten av Kosaksla kan gje ny romgrensa som er sterk i austre dalsida, men forholdsvis open på motsett sida av elva. Eit delområde i landskapet, eit område skild ut ved ein klar fysisk avsondring i det store rommet, som óg skiljer stort i landskapskvalitet inneheld den vesle botnen under Ringeriksfossen.

5.5 Melsdalen




Grensa for det evaluerte området i denne dalen går noko vest for kartutsnittet, nesten heilt ned til bommen. Denne kartleggingsgrense er ikkje nokon god romavgrensing av Melsdalen mot Kletta, for den finnst ikkje. Ein god romleg mellomdele i landskapet går i utløpsosen av Myrdalsvatnet. Vert grensa lagt lenger aust i vatnet vil aktivitetar i lida under Skålafjellet og Gråurdstinden (utvida hyttebyggjing og hogst) ha stor visuell innverknad på opplevingskvalitetane innanfor grensa.

5.6 Ænesdalen




Topografisk betinga, og den mest betydningsfulle romavgrensinga av Ænesdalen går mellom Kalvakulten og Svartaberget. Fyrst komme i sjølve dalføret vil denne grensa på austsida flytta seg noko sørover, innanfor Svartaberget som skissert. Ei grense i skog kan gå omlag 500m sør for Ænessættet. Her er flat i dalbotnen, og skogen gjev ikkje utsyn nordover. Nord for denne grensa er skogen og sterkt påverka av hogst og vegbygging. Dersom ikkje det skjer noko hogst i Taklia vil heilskapsinntrykket av landskapet kunne takast vare på med det sterke og vakre naturpreget det har idag.

5.7 Furebergdalen



Grensa for områdeskildring går ovanfor Furebergfossen. Her er ikkje nokon naturleg avslutning av dalrommet. Ein mellomdeler i landskapet går frå Langfjellet og følgjer kneiken mellom den bratte fjordsida og den slakare dalsida som fører opp mot Tveitadalsknotten. Her ligg eit tydeleg visuelt skilje i landskapet. Vest for elva går grensa opp til høgde 552 og vidare om Gråskallen til Dyrskardheia. Her kan landskapskvalitet innanfor berre grensa berre verta påverka av kva som skjer i lida under Skotberg. Avslutninga av storrommet som dannar sjølve Furebergdalen skjer ved Dyrskardheia.

5.8 Bondhusdalen



Det er ikkje nokon god topografisk avslutning av Bondhusdalen mot bygda, men ei grei grense går i marin grense, dvs. den høgste terrassen. Dette gjer at noko av dyrkingslandskapet på austsida av elva fell innanfor ei landskapsgrense. Alternativt går det eit visuelt skilje der Bondhusdalen svingar sørover slik at ein visuelt byrjar mista kontakten med fjordrommet. Ein klar romdeler går i terskelen av Bondhusvatnet. Her vil ein likevel ha moglege visuelle innverknader frå landskapsendringar i områda nedanfor.

LITTERATUR

Elgersma, A. 1994. Landskapskartlegging i Vestvågøy kommune. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.

Elgersma, A. 1996. Landskapsregionar i Norge med underregioninndeling. Kart i målestokk 1:2 000 000. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging

Elgersma, A. og Asheim V. 1998. Landskapsregioner i Norge, beskrivelser. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.

Elgersma, A. 1998. Landskap i vestfold fylke, lokallandskapet i en regional ramme. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.

Elgersma, A. 1999. Skildringar av landskapsunderregionar i delar av Hardanger og Sunnhordland. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.

Grinde, A & Køpf, C. 1986. National hierarchical framework of landscape units in West Germany. *Landschaft und zuschauer* 12.

Litton, G. 1968. Forest landscape description and inventories. Research paper PSW-49 USDA Forest Service Berkeley. 64 p.

Arbetsgruppen før landskapsområden 1992. Landskapsvård; Betenkande 1 av arbetsgruppen før landskapsområden. Miljöministeriet Helsinki

USDA Forest Service. 1971. Landscape management of recreation lands. Revision. Northern region. Missoula. 72p.

.